

PRESSEMELDING

Torstein fekk ei åpenbaring og no lagar han og Eivind kulturell duett av opera og geit i Kandal!

Sølvane Gard AS i Gloppen stakk av med Bedriftsutviklingsprisen i landbruket i Vestland for 2022.



Torstein og Eivin - foto @StianBroch

«TAKK! Det er en ære og glede for oss på Sølvane Gard å motta hederen som årets vinner av Bedriftsutviklingsprisen i Vestland 2022!

Dette kom som en stor overraskelse for oss, og det er fantastisk å få en anerkjennelse for alt arbeidet vi har lagt ned i livsprosjektet Sølvane Gard hittil.

På gården har vi fokus på kultur, turisme og lokalmat, og sammen med bygdas gårder har vi bygget opp en unik destinasjon med gjester fra hele verden.

Lite visste vi at opera og geitekjøtt skulle bli det store trekkplasteret i den lille bygda Kandal. Det at vi får denne bekræftelsen på at vi har gjort noe riktig betyr svært mye for oss, og gir oss energi til å fortsette å nyskape og utvikle bygda. Det bor kun 60 mennesker i Kandal og vi gjør alt vi kan for å skape et levende samfunn for oss og for kommende generasjoner.

Uten den langsiktige støtten fra Innovasjon Norge og Gloppen Kommune hadde vi aldri kommet så langt som vi har i dag etter oppstarten i 2018. Støtten har gjort at vi kan sysselsette 15 personer fra nærområdet, og hjelper oss å utvikle fremtidsrettet landbruk i bygda. Vi arbeider daglig for å gjøre Kandal og Sølvane Gard bærekraftig!

Anerkjennelsen vi nå har fått fra Statsforvalteren i Vestland, Vestland Fylkeskommune, Bonde og Småbrukarlaget, Bondelaget, Gloppen Kommune og Innovasjon Norge gir oss tro på fremtiden, og på utviklingen av våre små vestlandsbygder!

Tusen takk til juryen for støtten og engasjementet for prosjektet vårt», seier gardseigar Eivind Kandal og dagleg leiar på Sølvane Gard, Torstein Kollevåg

Frå Oslo og utlandet til Gloppen – operasjonar, kokk og kulturarrangør flytta heim til Kandal i Gloppen:

Bakgrunnen til Torstein Kollevåg og Eivind Kandal er kvar for seg og tilsaman unik. Dei har utdanning/kompetanse frå kultur-/musikk-/eventbransjen og opera- og kokkefaget, noko som gjer til at gjennomføringsevna på konseptet Sølvane Gard har vore svært god. Konseptet deira er unikt i distriktssamanheng.

Eivind er odelsgut frå Kandal i Gloppen og Torstein tjuagut frå Bergen. Ein operaturne til Åmot Operagard fekk Torstein til å tenkja nytt og sjå potensiale som låg i heimgarden til Eivind; han fekk ei åpenbaring!

Dei to flytta dermed frå Oslo tilbake til den vesle geitebygda Kandal i Gloppen kommune, tok over garden og har fram til no utvikla eit særleg kulturbasert reiselivs- og lokalmatkonsept som har blitt lagt merke til langt utover fylket. Dette har dei fram til no gjort med enkle fasilitetar.

Frå geitemjølke til bygdeutvikling:

Like viktig som oppbygginga av verksemda Sølvane Gard AS, er det at Torstein og Eivind i tillegg har skapt ein optimisme i den vesle "geitebygda" Kandal og fått med seg naboane i ulike deler av satsinga. Satsinga deira har vist kva som er råd å få til på ein litt "avsides" plass som Kandal og kan absolutt definerast som Bygdeutvikling/Bygdemobilisering i praksis.

Dei leverer kvalitet, bidreg til stoltheit i bygda og har vore med og vidareutvikla geit som ein ressurs i landbruket og som tilleggsnæring. Sølvane Gard er ein god ambassadør og inspirator med god tilknytning til landbruket.

Frå kulturarrangør til ein komplett reiselivstilbydar:

Kollevåg og Kandal har vekstambisjonar og dei har gjennom satsinga Kandal Klyngetun no fått på plass meir overnattingskapasitet og ein flott restaurant. Her har dei gjort ei vellukka "nytolking" av dei gamle klyngetuna og fått med seg ein lokal investor.

Juryen si grunngjeving:

Det var i år tre finalistar til Bedriftsutviklingsprisen i landbruket i Vestland. Kandidatane vart vurdert ut frå kriteria økonomisk, sosial og miljømessig berekraft og innovasjon/nyskaping.

Det største konkurransefortrinnet til Sølvane Gard AS er høg og relevant kompetanse hjå eigarane/drivarane Torstein og Eivind og det breie nettverket deira. Dette har dei opparbeidd seg gjennom lang og variert utdanning og praksis i inn- og utland. I Kandal har dei teke dette med seg inn i ei ny og unik "setting" i det nye "livsprosjektet" på Sølvane Gard.

"Sølvane Gard har no på plass eit solid fundament for vidare satsing nasjonalt og internasjonalt. Dei har også motteke Vekst-støtte frå Utviklingsprogrammet i 2022, noko som viser at dei har vidare vekstambisjonar", seier Nina Broch Mathisen, juryleiar og regiondirektør for Innovasjon Vestland.

"Imponerende er det også at dei har hatt den omsetningsutviklinga dei har hatt den korte perioden frå 2019, sett opp mot dei spesielle forholda som har vore kring pandemien", tilføyer Nina Broch Mathisen.

Årets jury:

Årets jury har bestått av Kjersti Sognnes frå Vestland fylkeskommune, Eirik Brynjelsen frå Statsforvaltaren i Vestland, Åse Marie Reisæter, felles representant for Bonde- og Småbrukarlag i Sogn og Fjordane og Hordaland. Juryen vart leia av Nina Broch Mathisen, regiondirektør i Innovasjon Norge Vestland.

Fakta om Bedriftsutviklingsprisen i landbruket:

Innovasjon Norge deler kvart år ut Bedriftsutviklingsprisen i landbruket på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet. Det er ein bedrifts- og næringsutviklingspris for dei som har etablert ei vellukka bedrift eller næring med basis i bygdena og landbruket sine ressursar.

Det vert kåra ein vinnar i kvart fylke som får 50 000 kroner og dei fylkesvise vinnarane deltek så i den nasjonale konkurransen om 250 000 kroner.

Kontaktpersonar:

- Sølthane Gard AS, Torstein Kollevåg, mob 480 43 228
- Innovasjon Norge Vestland, Nina Broch Mathisen, mob 917 15 453



Eivind og Torstein - foto @StianBroch



Klyngetunet Sølthane Gard – foto @torstein.kollevåg